
Saksnr: 2019/11-71
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.05.2021

Utpeiking av kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS:

Medlem:
Varamedlem:

Samandrag

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om nominering av to kandidatar, ein til vervet som styremedlem og ein til vervet som varamedlem, i Norsk Fjordhestsenter AS.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen legg her fram sak om nominering av to kandidatar, ein til vervet som styremedlem og ein til vervet som varamedlem, i Norsk Fjordhestsenter AS. Fylkeskommunen eig 30 prosent av A-aksjane (med stemmerett) i selskapet og 33 prosent av B-aksjane (utan stemmerett).

Norsk Fjordhestsenter AS har til føremål å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å få finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne, nasjonalt ride- og køyresportsanlegg. Norsk Fjordhestsenter AS skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket. For meir informasjon om Norsk Fjordhestsenter, sjå <https://norsk-fjordhestsenter.no/nn/> og fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

Om oppgåva med å nominere kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS

Styret skal ha tre til fem styremedlemer. Kvar aksjeeigar innstiller éin medlem (med varamedlem) med to års funksjonstid. Eventuelt fleire medlemer (enn dei tre som er innstilte av eigarane) må, ifølgje selskapsvedtektene, veljast samrøystes av generalforsamlinga i selskapet.

Styret har i dag slik samansetjing:

Styremedlemer: Eli Førde Aarskog (leiar) Janne Seilen (nestleiar) Jørgen Langeland Hanne Fjerdingby Olsen Vidar Heggheim	Varamedlemer: Lars Svein Drabløs Arne Presthus Sigurd Reksnes Nils Ivar Dolvik
---	--

Vestland fylkeskommune skal no nominere ein kandidat til vervet som styremedlem og ein kandidat til vervet som vedkomande sin varamedlem.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare nominert Jørgen Langeland som styremedlem og Sigurd Reksnes som personleg varamedlem. Begge er på val i år. Langeland ønskjer ikkje attval.

Av omsyn til at styret skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing, bør fylkesutvalet nominere ein mann til vervet som styremedlem og ei kvinne til vervet som varamedlem.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l., når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. tredje avsnitt. Norsk Fjordhestsenter AS planlegg å gjennomføre årets generalforsamling i mai, og avgjerda kan derfor ikkje vente til fylkestinget er samla i juni.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.